

Delavtale

Fagnettverk innan habilitering og
rehabilitering

- Møteplassen -

Innhold

1. Partar	3
2. Bakgrunn	3
3. Føremål.....	4
4. Retningslinjer for Møteplassen	4
4.1 Nærare om forumet, deltakarar og oppgåver.....	4
Møteplassen skal:.....	4
4.2 Arbeidsutval.....	4
4.2.1 Samansetting av arbeidsutvalet:	5
4.2.2 Helseføretaket:	5
4.2.3 Kommunen:	6
4.2.4 Felles:.....	6
5. Forholdet til rammeavtalen.....	7
6. Handtering av usemje	7
7. Avtaletid, revisjon og oppseiing	7

1. Partar

Avtalen er inngått mellom xx kommune og Helse Førde HF.

2. Bakgrunn

[Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i Helse Vest](#) har funksjonen som [Regional koordinerende eining](#).

I tråd med [Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator](#) har den [Regionale koordinerende eininga](#) oversikt over og naudsynt kontakt med habiliterings- og rehabiliteringstenesta i

kommunane (koordinerende einingar) og i spesialisthelsetenesta i helseregion Vest. Oversikta utgjer eit kontaktnettverk.

Kkontaktnettverket skal vere eit fagleg nettverk og det skal ha eit forum for informasjon, erfaringsutveksling og samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta, kalla [«Møteplassen»](#).

Denne samarbeidsavtalen er forankra i Delavtale om kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling, pkt 4.

3. Føremål

Nettverket og Møteplassen skal bidra til å styrke arbeidet med utvikling av, samarbeid om, og synliggjøring av tenestetilboda innan habilitering og rehabilitering i fylket.

4. Retningslinjer for Møteplassen

4.1 Nærare om forumet, deltakarar og oppgåver.

Møteplassen skal:

1. vere eit forum for dei koordinerande einingane for habilitering og rehabilitering i kommunane og sjukehusa.
2. legge til rette for samhandling mellom [koordinerande eining \(KE\)](#) og aktuelle samarbeidspartnarar for utvikling innan habiliterings- og rehabiliterings-felta. Private institusjonar på området i fylket og [Brukarutvalet i Sogn og Fjordane](#) skal ha høve til å delta.
3. legge til rette for erfarings- og informasjonsutveksling.
4. vere ein del av samhandlingssystemet for kommunar, spesialisthelsetenesta, brukarorganisasjonar og andre relevante samarbeidspartnarar som har til oppgåve å styrke samanhengande tenestetilbod til pasientane.
5. til ei kvar tid vere sentral i det lokale og i det regionale arbeidet for utvikling og synliggjøring av oppgåver innan fagområda.
6. vere eit viktig utgangspunkt for å vurdere lokale og regionale fagnettverk på meir spesifikke område.

4.2 Arbeidsutval

Arbeidsutvalet har særskilt ansvar for å bidra til utarbeiding av program og møteplan for

Møteplassen. Som utgangspunkt for arbeidet ligg sentrale utfordringar knytt til habiliterings- og rehabiliteringstenestene i og mellom ulike forvaltningsnivå og dei private rehabiliteringsinstitusjonane.

Ein føreset at deltakarane i Arbeidsutvalet har ei relevant fagleg forankring i høve til habiliterings- og rehabiliteringsarbeid.

4.2.1 Samansetting av arbeidsutvalet:

To medlemar som representerer dei koordinerande einingane i kommunane.

Ein representant frå Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter.

To representantar frå fagområde/einingar i spesialisthelsetenesta som er sentrale tenesteytarar knytt til habiliterings- og rehabiliteringstenester.

To brukarrepresentantar oppnemnde av Brukarutvalet i Sogn og Fjordane.

Rådgjevar med bindeleddsfunksjon mot Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering er medlem.

4.2.2 Helseføretaket:

Helse Førde HF skal utnevne en representant for koordinerende eining/rådgjevar med bindeleddsfunksjon, samt to representantar frå fagområde/einingar i spesialisthelsetenesta som er sentrale tenesteytarar knytt til habiliterings- og rehabiliteringstenester.

Rådgjevar med bindeleddsfunksjon/koordinerande eining har ansvar for å ta med [Brukarutvalet i Sogn og Fjordane](#) i planleggingsarbeidet og syte for naudsynt forankring i helseføretaket og innspel frå dette.

[Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter \(RKHR\)](#) skal utnevne en representant til arbeidsutvalget, og har ansvar for å søke råd for arbeidet i sin «sektor».

Brukarutvalet i Sogn og Fjordane har ansvar for å oppnemne to brukarrepresentantar.

4.2.3 Kommunen:

[KS](#) har ansvar for å utnevne to medlemmar som representerar dei koordinerande einingane i kommunane. Representantane frå kommunane har ansvar for å søke råd for arbeidet i sin sektor.

4.2.4 Felles:

a Møteverksemd/drift:

Alle deltakarar i kontaktnettverket (jfr. pkt 2) kan gjere framlegg om tema og melde ønske om innhald i møteverksemda til arbeidsutvalet. Tema og problemstillingar på Møteplassen må vere av felles interesse.

Arbeidsutvalet møtest 2 – 4 gongar pr. år.

Kontaktnettverket samlast 1 – 2 gongar pr. år.

Helseføretaket representert ved rådgjevar med bindeleddsfunksjon og kommunane har hovudansvar for drift av Møteplassen. Leiing av arbeidsutvalet blir ivaretatt i «ulike år» av helseføretaket, og i «like år» av kommunane.

b Kommunikasjonsform

Invitasjon til Møteplassen blir sendt elektronisk. Invitasjonar, referat og presentasjonar blir gjort tilgjengelig på internettsidene til koordinerande eining Helse Førde HF og Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i Helse Vest.

c Evaluering

Arbeidet i, og samansettinga av arbeidsutvalet blir evaluert årleg ved:

at ein ber om tilbakemeldingar frå deltakarane på Møteplassen (skriftleg eller munnleg).

eiga evaluering internt i arbeidsutvalet.

at ein årleg orienterer i koordineringsrådet om arbeidet som har vore gjort.

Leiar av arbeidsutvalet er ansvarleg for at evaluering blir gjennomført.

5. Forholdet til rammeavtalen

Føresegner i [Rammeavtalen](#) gjeld tilsvarande for denne avtalen. Gjennom dette vert ivaretaking av brukarmedverknad også definert for denne avtalen. Ved motstrid mellom denne avtalen og rammeavtalen, går Rammeavtalen føre.

6. Handtering av usemje

Ved usemje skal partane følgje reglane i [Rammeavtalen](#).

7. Avtaletid, revisjon og oppseiing

Avtalen trer i kraft frå 02.10.2017, og gjeld fram til ein av partane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist.

Partane er samde om å gjennomgå avtalen innan desember annankvart år og syte for jamleg rapportering og evaluering.

Kvar av partane kan krevje avtalen revidert dersom vesentlege føresetnader for avtalen blir endra.